

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Skudenes.

Emne: "Død og begravelse."

Bygdelag: Sør-Karmøy.

Oppskr. av: Didrik Mjølhus.

Gard: Mjølhus og Sandve o. fl.

(adresse): Sandve.

G.nr. 33 og 34 Br.nr. 1 - 3 (Mjølhus.)
o. fl.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ikkje røynsle!
 Dei med * har eg gaatt forbi for aa spørje andre.
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

- Dødsvarsler. Dersom SVAR ho fekk i dunklinka sam-
 stund, ein på kvar side av døra! - Og dersom
 ei "kaffugla" sett seg på kabet eller synest seg nær huset.
 Eller når ein (ei) død syng om natta (høyrer d. i skamm)
1. * "Stundom, ein på kvar side av døra! - Og dersom
 ei "kaffugla" sett seg på kabet eller synest seg nær huset.
 Eller når ein (ei) død syng om natta (høyrer d. i skamm)
 2. * 2. "Nei, men dei fekk det for seg", stundom, at
 dei levde ikkje lenge.
 3. * "Nei" - Men dersom eit barn i 2 (eller 3-) års
 alder var framifrå gløgt, ermerikt - så!
 4. ? "Ikkje det folk nå veit om. Men det har vore
 "brøkkjeringar" for. Og dei tok stundom på."
 5. Nei. "Nei!"
 6. Det har hendt at døssjuke som ikkje har kunna ete stort
 paa lenge, et eit godt maaltid straks før dei doy.
 7. Ikkje det eg hugsar. Men husfaren døyde gjerne i den
 stova han hadde butt i; fogemannen (ell. kona sj. i
 si stova, kaarstova, i andre enden av huset (ei mindre)
 Der dei hadde levt, ville dei ogsaa døy.
 8. Stanse klokka eller flytta henne ut.
 9. Nei, men eg hugsar ei gamall kona - den tid eg var ung,
 som gjekk bort til den døyande og gjorde krossteiknet
 framfor brystet hans. Gamall skikk.
 10. Ja, i gamle dagar meir enn noa. Det stod age presten!
 (Som eit "appendiks" kan eg nemna at presten i Falnes
 (Skudenes) endaa kunne binda "den vonde" - for 150-200
 aar sidan. Segna seier at dei ein gong, ein sundag
 fm. maatte nenta han heilt fraa Aakra (an-ekset) daa
 hin mannen var komen laus i prestegarden; dei hadde
 spela kort! Han stod paa stolen, men slutta av guds-
 tenesta og skunda seg heim til Falnes; og daa maatte
 han ut, - eller presten manta han ned gjennom golvet,
 har dei og sagt! Dei kalla han far.
 Men i mi tid har dei ikkje sagt far i tiltale, men:
 "Presten."
 Og i den tid sende dei stött bod etter presten til døy-
 ande.
 11. Jau, det var reint som høgtid naar presten kom, i sli-
 ke høve.: presten kom. Han visste kva han skulle. -
 Dei sette eit lite bord framfor senga; la duk paa, og
 sette to lys der og tente dei høgtidelegt! presten opna
 den store veska si, tok opp ein liten disk av metal,
 ia noen st. brød (ablat) oppt, sette ei flaska med
 vin paa bordet og slo og slo litt av den i eit lite
 staup, alt langsamt og høgtidelegt.

12. Dei som høyrde huslyden til: Barna ikring dødslega
aat faren eller mora.o.s.b.
13. Ja, det hende ofte. mange døme: To menn som døydde for
minst 50 aar sidan: Dei var gode vener og vart samd om at
den som levde lengst, skulle syngja over den andre naar
dei "bar" han! (Daa den første døydde, var venen hans
saa gamall at han kunne ikkje syngja; han sette seg framfor
huset sitt og nøyrdde paa "liksongen" naar dei gjekk fram-
om huset hans paa veg til kyrkja)
I den tia daa dei tok til aa kjöra lika til kyrkja, var
det sume som sa - paa dødslega - at dei ville ikkje bli
kjörde. Ein: "Dersom de kjörer meg, skal eg spennaa ga-
velen or kista!" Ei kvinna: "Ja, derso' de vaagar aa kj
kjöra meg, saa skal eg koma himatte og klora aug'ene or
dokke!" Ein mann: "Merraa har drege meg saa mange gon-
ger; ho kan dra meg den dagen og." Denne siste døydde
visst 1870 - 80, for riksvege kom i 1873, og det pas-
sar paa alderen. Dei andre var nok eldre.
Elles var det sume som sa at den eller den maatte dei ikkje
glöyma aa be. o.s.b. *(Hil begravelsen hans!)*
Mellom dødsfallet og likferdsdagen.
14. "Ho er flytta ho Olina, Han Hans er dö," Han slokna
~~slokna~~ som eit lys"; "for ifraa oss."
15. Ved hjelp av ein spegel. Eit lys, kaaskje(?)
16. Har høyrd døme paa skinndöde. Det h a r hendt.
Dei fortel om ei jenta som "var död". Men ho laag og ~~na~~
höyrde paa alt dei sa, men kunne ikkje röra paa ein
muskeltraad korkje i andsiktet eller paa kroppen.
Daa dei saa skulle til aa ställa liket, fekk ho makt
til aa röra ei hand(eller ein fing?) litegrand, saa
dei saag det. -- Ein skulegut i klassen min; han
var innflutt fraa Stavanger, fortalde noko som han,
og me andre ~~mynt~~ var ryselegt: Ei tanten hans var död.
Dei heldt gravferd og hadde fatt liket i grava; daa
höyrde dei liksom det dunka litt i kista der nede.
Kista vart neist opp og opna. Daa var ho nok död, men
ho hadde reve mykje haar laust av hovudet. Det kan vel
godd henda det er sant!?
17. Ja, ein mynt paa kvart augaalaak. *(1 femöring)*
18. Ja, nelst ei salmebok.
19. Naboer som skulle hjelpa til med noko.
21. ? *Nei?*
22. Stante klokka.
23. ? *Til dei får kista*
24. Paa eit bord. Til likkista var ordna.
25. Ja i kista.
26. -paa likstraa: i kista. ptraa: halm. Er död.
27. Ja, seier ei gamall kona.
28. For eet meste ikkje.
29. ? *Ja, også senghalmen.*
30. Ikkje lenge etter, dersom dei hadde folk som kunne hjel-
pa.
31. Kvinnene.
32. Ja, i likklede. Kvit skjorte.
33. Ja ? 34. Ja.
35. ? 36) ja, alltid.
37. Nei, ikkje i mi tid. Men ei gamall kona fortel om at
ein gut paa same garden(mange aar sidan) hadde ein
föflekk paa panna. Dei tok guten med seg til eit hus
paa ein annan gard, der det laag lik (ei kvinna) Dei
tok fingen aat liket og strauk den over föflekken på
panna. Ja, flekken kom vekk den, fortel ho.
38. Likkler. Nei "sveipa" gjorde dei med liklagenet for
dei la laaket paa. Men liket var kledd för(i kvit skjorta)

12. Det som hövste hvalviken till: Barne kring föfaleg
 13. Ja, det hende ofte. To menn som hövste for
 minst 50 år sidan: Det var gode venter og vart samst om at
 den som levde lenest, skulle synge over den andre naar
 det "bar" ham! (Det den første høyde, var vennen hans
 saa gammel at han kunne ikkje synge)

39. Likkler, eller likskjorta.
 40. Helst liklagen. Det var saa stort at det skjulte liket
 godt. Eine kanten gjekk eit stykke innforbi den andre.
 41. ?
 42. *)
 43. Det var ulikt. *) *Ette ojenke i 15-årsalderen døyddet,
 Du kledde henne i dåpskjolen hennes.*
 44. Linskjorta.
 45. ? Nei.
 46. Ikkje for. Naa kan det henda: sokkar, ikkje sko.
 47. Svart silkeplagg.
 48. Ei gjenta i 15-årsalderen vart graviagd i konfirma-
 sjonskjolen sin for fleire år sidan.
 49. Ja, nar hendt. Krans i kista, eller blomar i hendene.
 50. ? *) *Ja! Og blomar i handa.*
 52. Ja, kjøpt ferdige. Av lin. Det siste ogsaa av papir.
 53. ? Nei. *51) ?*
 54. Sjaa nr. 37.
 55. ?
 56. ? Nei!
 57. ? Nei. *2*
 58. Ja, för var det vanlegt. Det var best saa. Dei kunne
 ikkje telefonera til byen etter kista. Likkistemakaren
 kunne faa for knapp tid. Og tenk om to i bygda døydde
 samstundes. Sume hadde kista ståande paa hogaloftet.
 Men dei sverta nenne ikkje för vedk. var död.
 59. ?
 60. Fraa gamalt to lange stenger, ei paa kvar sida av k. *2*
 Fraa gamalt: Eit baat-sprid paa kvar sida. Fire mann *- mast.*
 la saa spriet paa aksla. Seinare: stropper; naa er
 det berre pene handtak. Kvite kister.
 61. Ein snekker eller ein hendig mann i bygda.
 62. Av "sverta"
 Kista var alltid svart för.
 63. Ikring 100-årsskifte(?) *helst seinare. Det var bilet
 lenge.*
 64. ? *Nei ?*
 65. Hövlespon, dersom dei kunne faa. Halm,
 66. Spon.
 67. Kvit. Kjøpt ferdig. *nar vedk. er död. Same dagen*
 68. Salmebok som han(ho) hadde brukt, eller ein bibel..
- men ikkje na lenger!
 69. ? Nei.
 70. Ein krans av grönt langs kanten av k. Den kunne ve-
 ra av mellebärlauv - tidlegare. *Nå kjøpte kransar.*
 71. ?
 72. ? *2*
 73. Nei. Men kanskje var det derfor at t.d. ei gamall
 kona gjo rde krossteiknet framfo ein med same han døyde-
 de. *Eit unskilt biffelle - for 51 år sidan.*
 74. Ja. Dei song ei salme. *Vakenatt, det er mykje eldre ?*
 75. Ja dersom hjelparane var fraa ein annan gard. Men
2 dans, nei.
 76. Ho stod i eit kammers eller i den eine stova.
 77. Kvite laken for vindaugo. Det er vanlegt naa, og saa
 langt tilbake eg kan minnst. Eit klede for spegelen.
 78. I Boka, ikkje på Karmøy, har det vore vanlegt för aa
 ha liket (kista) ståande paa naustet.

- 79, 80, 81. ?
82. *Det var naturleg, for kista sk. berett ut slike.*
83. Nei, ikkje laaket paa, men ein kvit duk for ansiktet.
84. *Kvit*
85. *?*
86. Ja, det var vanlegt. Dei la gjerne handa paa hendene til liket, og paa panna. *Sil forsvol.*
- 87, 88. Ikkje papell.
- Sorg.
89. Ja, det var naturlegt.
90. ? *Det var stillare mellom folk enn vanlegt.*
91. *Ja. ?*
92. *?*
93. Maatte helst ha mørke kler, eller eit mørkt sørgeband paa armen.
94. Ja. - Svart.
95. ?
96. Har ikkje høyrt at noen trur paa det!
97. ? *?*
98. Syngja ut liket. *XXXX*
Nei. *Om 4-7 dagar.*
99. Paa bygdane paa Karmøy, bruka dei i min barndom, (1880-1900?) namnet *S e l a b a ß*. Men idag er det ordet ukjent mellom yngre folk. - Istaden kom saa "Begravelse" etter skriftmaalet. Naa er namnet gravferd og likferd komen inn etter nynorsken (men ikkje vanleg i muntleg tale ennaa!)
100. Syngjarane song liket ut gjennom *da* gangen og döra, og song gjerne slutten av salma ute paa tunet.
101. ? *Nei.* *100. Magnus Sandne opplyser: Dei sette kista med*
102. ? *?* *på punkt og sang verset: "Fryd dig du Kristi brud"*
103. Ja, men vanlegt paa eit bord med duk paa.
104. Alltid to lys.
105. Dei vart daa slukte.
- 106, -07, -08. ?
109. Ikkje i mi tid. *Nei.* *103. M. S. seier: 2 lys med*
- ? 110. ? *?* *indre veggen, bak hovedet*
111. ? *?* *at liket, der syngjarane sat.*
112. Nei.
113. Ja, svært langsamt, - og med mange sløyfer i tonane, - for. Dei maatte ha gode lungner.
114. Ja, det er vanlegt.
115. Har vore skikk i mi tid. *117. Kari, Magnus Sandne seier:*
116. *Liksyngjarane.* *"Ein dram og ei kringla til*
117. Ikkje i mi tid. *Nei!* *syngjarane - var gammal skikk*
118. --
119. *120. Dei neraste i ätta. Barna bar foreldra, dersom b. for dei*
120. Dei neraste i ätta. Barna bar foreldra, dersom b. *fikk med*
121. var vaksne. Det gjer dei naa og. *liket; in-*
122. Ja, kista staar slik i likstova, - med fötene mot döra. *gen andre.*
123. Nei. Ukjent. *"Spövmordarar skulle dei vera ut*
124. Nei. *?* *av stova med hovedet først. (M. S.)*
125. Ja, för var det noksaa vanlegt.
126. ? - 127. *?*
128. Dei fylgde med.
129. Alle.
130. Dei har fylgt med til kyrkja i all mi tid.
131. Det er i alle fall ein "oppfatning".
132. Det var ingen granplantingar i mi barndomstid, - som naa!
Dei bruka einer ("Brakje") reven i smaabitlar, og kanskje blanda med anna grönt (Mellebärlauv, mose?) og "normegras" (bregner)
133. Ja, dei pynta vegen som likfylgjet skulle gaa paa, (hovud-vegen)
134. Det er vanlegt aa heisa flagget paa halv stong paa gravferdsdagen. Det kom visst i bruk etter kvart som noen fekk flagg. Eg trur ingen hadde flagg i bygdane her i min barndom (f. 1882)

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

135. Alle som har flagg paa garden.
 136. Nei.
 137. Nei.
 138. Ja, heile dagen.
 139. Syngjarane song for kvar gard og hus, fylgjet gjekk framom, men det vart ikkje gjort stans; fylgjet gjekk svært langsomt, det gjorde ogsaa songen.
 140. Stod stilt og høyrde paa.
 141. Har'kje brukt baat i mi tid.
 142. Nei.
 143. Hugsar ikkje.
 144. ?
 145. ?
 146. Ja, mørk, helst svart.
 147. ?
 148. Ja.
 149. Ja, fortare, om dei ville, men pent, - og ikkje saa fort, trur eg.
 150. Ein av grannane, ein paaliteleg mann. Men likvogn var det ikkje i min ungdom. Brugte ein slede, kort slede - med ein sekk ryllt med halm under bakenden av kista, dersom sleden ikkje var vannrett, men halla bakover.
 151. Ja, naar slede vart brukt. Naa set kjöraren paa bukken av likvogna
 152 og 153. ?
 154. Eg trur ingen kan husa sovore her naa.
 155. Det er ikkje kjent paa desse kanter!
 Det maatte i tilf. vera i den katolske tia. Her paa Karmöy ("Insula Sanctorum ? ") har dei nok etter Hauge-vekkjingana heilt fraa 1830- aara, har dei vel eit meir bibelsk syn paa dette spørsmaal. ???

Paa Kirkegaarden.

156. Dei same som bar den ut or sørgehuset.
 Sette henne ned ved sida av grava.
 Firte henne ned i grava med tau. (Naa har dei senkings-app.)
 157. Spaden? og tau?
 158. ?
 159. Sjaa 156.
 160. Nei. Dei tok helst paa heimveg medan dei andre var ved grava.
 161. Ikkje nett ved laagangen. Han mötte ved grava.
 162. Nei!
 163. Ikkje i gamle dagar. Naa ofte: "Blir gravlagd fra k."
 164. Ja, saa ienge eg kan hugsa k- fra 1890, og sikkert heile den kristne tia ??
 165. Nei, veit ikkje om det.
 För jamna noen av mannfolka over grava. Naa er det gravaren som gjer det.
 166. Nei, berre naar fylgjet nerma seg kyrkjegarden.

G r a v e n.

167. Fast gravar fekk dei i ör mi tid.
 168. Nei.
 169. ?
 170. ? Ja! Sjaa 165.
 171. Nei.
 172. Me veit kva meining dei hadde för; det ligg i siste delen av ordet. - Men i seinare tid ? dei synest vel det er pant at det blir lese noen Guds ord ved grava. Dei er kje saa redde naa at den döde skal "gaa himette" kl 12 om natta.
 173. Tidlegare.
 174. Dei blei "bassa", d.v.s. sette grastorv med grönt gras paa utsida laags og rundt grava og sette ein kross paa grava, og gjerne noen blomar.
 175. Det er julaftan, eller dagane för jul. Krans.

Särlege tilfelle.

176. Eg har berre høyrt at i gamle dagar gjekk dei ikkje gjennom kyrkjeporten med liket av ein sjölvordar; dei maatte lyfta kista over kyrkjegardsmuren.
177. men korlais det var, om dei kledde og stelte liket likt, har eg ikkje høyrt. noko om.
178. Nei.
179. Har berre høyrt at liket til ein slik skulle gravast tett ved muren, steingarden, eller ogsaa utanom kyrkjegarden.
180. I mi tid som andre døde, men i eldre tider, ?det, kan visst kyrkjesoga fortelja noko om.
181. ??
182. ? Selaba ??
183. Ei kvinne, ei or slekta, men ikkje or huslyden. ikkje altfor ung.
- 184 og 185. veit ikkje.
186. verdig, aalvorleg.
187. " Omlag saa: Eg sko' helsa fraa han Per Austneberg og de dokke te' begravelse ~~akkur~~ itte 'na Lokris (Lu-krecia) kanaa hans - til tysdag klokkaa toll. De e bene adle!" (Ja, sjölv sagt: God dag først, men det vart ikkje sagt eit ord mellom den helsinga og bedarordet.)
188. Nei, han kunne ikkje stansa. Hadde mange aa gaa til.
189. Ikkje i bygdane ikring.
190. I mi tid berre ein dag; ettermiddagen.
191. Det var to, Kaffi og mat före og kaffi og mat etter gravferda. Naa mat bebre etter gravferda.
192. ??
193. Nei. *Nei!*
194. Ja, det var visse folk i bygda.
195. Ja, helst det, dersom liferdshuset laag i nerleiken.
- 196, 97, 98 og 99: ? ~ *Med seg!*
200. Nei.
201. Nei det var för mi tid.
202. Dei brygde maltöl paa bondegardane heilt ned til mi tid, - i - 80 - 90-aara. Men lenge för den tid var brennevinsdriking tatt til (som me ogsaa kjenner av skriftlege kjelder) Brennevinsdriking tok overhand etter 1816(?) - 20-aara, og saa fekk ein "maatehaldsrörsla." Daa tok ölbryggjigaseg opp paa bygdene her. "Avhaldsfolk" skulle berre ikkje drikka brennevin og sterk vin, og öl berre med maate. Difor var ölbryggjing i bruk i mia barndom. Men brennevinsdrikk serleg mellom ungdomen heldt ved. Berre ved visse høve: helst ved bryllaup, tidlegare, "bryllaup og slagsmaal." Men jule-brennevinet heldt seg lengst, ja er ikkje slutt enna. För var deu eit anker pr.v. til bygda, "spleising," seinare vin fraa vinmonopolet.
- Ei soge fraa litt för mi tid: Han var ein original, - gleda seg til jule-prv. visst heile aaret! Han stod i laaven med tysta, som dei gjorde paa alle gardane. Saa ville fleirtalet ikkje vera med og kjøpa brv. anker lenger; det var kje rett hadde fraahaldstalarane og emisserane sagt. Daa vart han sint, og saa braut det ut or han: "Skal staa her og slita og tryskja heile hausten og ikkje faa spy me' jul!!" Det braut mellom dei to syn, - og gjer det ennaa. K - Det nye var total fraah. fraa 1859 (Asbj. Kloster, - men merkeleg kor lenge ju ledrammen heldt seg. Eit döne: Ein forretningsmann i Skudeneshavn, ein av leidarane mellom bedehusfolka, han drakk 1 - e i n - dram til aaret, det var juledrammen,

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

- men om du ville by han ein till ! Aldri ein till!
 Var det tradisjon heilt fraa "Midtvintersblot"??
 Han Olav skulle ha avskaffa det, paa same maaten, lang-
 samt, som han avskaffa slaveriet (?)
203. Nei ved "gravöl." Ikkje i mi tid her, paa Skudenes.
204. Det har vore slik lenge at ein sender ein krans eller
 ei kake.
205. ? Det var ikkje vanlegt i min barndom.
206. Ja, det første var kransen ofte laga heime, av grønt
 og av blommar, ville og andre slag, prydblomar og gjerne
 litt av papir.
207. Ja, det er noksaa vanlegt naa, paa slike kransar som
 skal leggjast paa kista med ein takke- eller minnetale.
 Begynte - ? kanskje for ein mannsalder sidan.
208. Nei. *ikkje i gjeva.*
209. Dei vert liggjande paa grava. Dei fleste blomane og
 kransane fylgjer med kista i grava, men noen blir tatt
 av kista (dei finaste, med silkesløyfer) og lagt tilsides
 og naar gravaren har jamna grava, legg han dei paa.
210. Paa landet (Skudenes) set dei naa, det siste, lysing om
 døsfallet i avisa, og bed der slekt og vener fylgja til
 grava, og: "Bes kun paa denne maate - (eller "Me bed berre
 paa denne maatem") Er det stygt ver eller lang veg, saa
 arrangsjerar dei ogsaa med mange bilar. Naar gravseremonia
 er forretta, staa ein av dei neraste av avlidne fram
 og takkar for all vyrdnad og hjelp, og saa bed han alle
 fylgja tilbake til bedehusen, til eit minnemöte. Der er
 det daa kaffi og smörbröd med fint paalegg - og blautkaker
 saa mykje dei ynskjer. Medan dei daa tek av bordet,
 gaar mange ut og faar seg ein røyk, aldri inne. Alko-
 hol vert ikkje drukke. - Saa opna dei minnemötet med
 eit salme eller ein song. Ein opna med eit Gudsord
 og held ein oppbyggjeleg tale. Er presten med tilbake,
 som han oftast er, plar han opna mötet, "andakten".
 Ja, for det er meir eit oppbyggjingsmöte enn eit minne-
 möte. Endaa eit par av talarane kan ha eit gildt minneord
 om den avlidne (Men det er helst ved kransepaalegginga
 i heimen) I Skudeneshavn vert dei personleg bed-
 ne, ikkje gjennom biada. Der kan dei - i ein krins av
 "kondisjonerte", ha det litt annarleis paa minnemötet,
 litt friara, etter kaffien ein tale, eller to, saa ei
 stund med samtale, prat, og røyk, inne, for dei gaar
 fraa kvarandre. Til vanlegt elles har dei det i Skh. som
 paa landet slik som eg har skildra ovanfor: andakt med
 gjerne mange vitnemaal og song. Der er ein klasse litt
 högare i Skudeneshavn, ein slag "adel" som ikkje har lett
 for aa trivast mellom dei laagare.
- NB. Paa landet har dei den gamlemaner, dei har langbord ved
 bevertningen, ogsaa om det er i bedehuset. Det har dei
 ogsaa i Skh. dei som har minnemötet i bedehuset, dei fle-
 ste! - Berre det at der er gjestene personleg bedne.
211. *Nei.*
212. For over 40 aar sidan (?)
 Men "Bedes kun paa denne maate" det trur eg ikkje var
 brukt för 1944, (kanskje 1946) Eg trur i mai 1946, i
 ein huslyd paa Haga, Ferkingstad sokn. Sidan tok alle
 skikken, og den vart gjennomfört paa kort tid - i heile
 Skudenes pr. gjeld. Men dei fylgjet blir altsaa bedt
 paa gravhaugen om aa fylgja tilbake.

64
109

P. S.

D Ø D S V A R S E L.

Orsak! Det kom opp i minnet mitt eit dødsvarsel til, etter at eg hadde sendt svar paa Emne 64 ; eg trur ikkje at eg har ~~SKIKK~~ gitt denne opplysninga.

Dette kan høyra innunder sv. nr. 2 ?

- 2) Dersom det var oppkasta ei grav paa kyrkjegarden, og eit brudfylgje paa vegen gjennom kyrkjegarden gjekk framom den opne grava, saa var det eit vondt varsel. Det varsla dødsfall, og saavidt eg minnest var det den eine av brudenæret som skulle doy. Og det har i alle fall fortalt av ovtrune folk, fraa mi ungdomstid at dei hadde prøv paa at soleis gjekk det i slike høve. Brura (t.d.) fekk ikkje leva lenge! Dette har hange i til i seinare tid: Vedkomande brudepar som maatte gaa framom ei lona grav til kyrkja paa vigjingsdagen, vart litt, - ja i mindre godt humør, men eg har i seinare tid ikkje høyrt at dette var saa farlegt, eller førde til snarlegt dødsfall...

Elles kunne eg fortelja dette, - som eg kanskje ikkje hugsa aa ta med i svara eg sende inn sist:

- ? Dersom det steig eit blaatt lys opp fraa vogga aat barnet som laag i vögga, saa skulle barnet doy snart.

Eit smell i huset ein stad, var dødsvarsel. Men det har eg visst skreve om. ?

Eg ville gjerne ha gjeve utførlege opplysningar. Men skulle eg kunna det, burde eg hatt eit intervju med besteforeldra til dei (80-aaringane) eg spurde!!

Med helsing og takk for betalinga!

177 - 572

Andrik Alfheim



13056

Bil 28/57
13